

Velkommen til foreldremøte

Hognestad skule 28.januar 2026

1. trinn 2026 / 27

Oppdrag

Skulen har både eit danningsoppdrag og eit utdanningsoppdrag. Dei heng saman og er gjensidig avhengig av kvarandre.

Opplæringa skal danne heile mennesket og gje kvar og ein moglegheit til å utvikla sine evner.

Kjelde: Overordnet del- verdier og prinsipper for grunnopplæringen



Time Kommune

Trygg og framtidsretta

Opplæringa skal gje
barna lyst på livet og
evnen til å meistra det



Hognestad skule sin visjon:
Me opplever gleda ved
å meistra og å nå måla våre.

Verdiane våre er: glede,
meistring, respekt og
inkludering.

Kva er viktig for skulen?

- * Skulegang er ein rett og ei plikt – opplæringslova §2-1.
- Skulen sitt mandat er fagleg og sosial opplæring.
- Skulen si viktigaste oppgåve er trivsel og sosial tilhøyring.
- ALLE elevane skal oppleve meistring.
- Me har høge forventingar til elevane!
 - Positive forventingar frå oss vaksne er ein av dei viktigaste faktorane for barn si læring

Trygt og godt skulemiljø

- Alle elevane har rett på eit trygt og godt skulemiljø (Opplæringslova kap 12-1)
- Skulen driv systematisk arbeid mot mobbing.
- Olweustimar (5.-7.trinn)
- Zippytimar - sosial kompetanse (1.-2.trinn)
- Eples venner – sosial kompetanse (3.-4.trinn)

Her på Hognestad skule:

- * Spesielt fokus på:
 - * Engelsk
 - * Motivasjon
 - * Inkluderande undervisning
 - * Elevmedverknad

Overgang barnehage -skule

- * Foreldresamtale i barnehagen – april.
- * Overgangssamtale mellom barnehage, skule og SFO - mai.
- * SFO-leiar på besøk i barnehagen –mai.
- * Besøksdag nye 1.trinn, 20. og 27.mai.
- * Foreldremøte, 20. mai.
- * Eit par veker etter skulestart blir føresette invitert til ein "bli kjent" samtale med kontaktlærar.

Slik jobbar Haugland gardsbarnehage for å førebu skulestart

- Oppstart skulestartargruppe i januar med å danna gruppa og ha egne aktivitetar som bare skulegruppa får lov å ha.
- Me brukar «Selma» som ressursbank for å førebu best mogleg skulestart.
- Selma står for Samspel – engasjement – livsglede – meistring – anerkjenning



Tema i kjerneområda:

Barnehagen har fokus på å gjera barna sjølvstendige på do, i påkledning og i å ha orden i sine saker. Dei lærer å rydda etter seg, stå i kø, dei bidreg med å dekkja på, vaskar klede, lærer å venta på andre og å venta på sin tur. Me øver på å vera ein god ven, å ha empati med andre og å invitera andre inn i leiken.

Samspel	Engasjement	Livsglede	Meistring	Anerkjenning
Tilhørighet Kjensler og empati Sjølvregrulering	Leik Flyt Samarbeid	Trivsel Meining Humor	Lærande tankesett Optimisme Resiliens	Sjølvbilete Sjå andre Sjølvhending

Tips til føresette ved skulestart

- Snakk med andre føresette i barnehagen. Skal barna begynne på same skule? Det er fint for barna å vita at dei har nokon dei kjenner i den første tida.

- Besøk skulen når den er stengt slik at barnet ditt blir kjent med uteområda. Øv på å gå skulevegen saman.

- Hjelp barnet til å bli sjølvstendig med do-besøk og ved påkledning, og la dei øva på å venta på tur. I skulen er det færre vaksne per barn, og dei vaksne har ikkje tid til å gje like mykje hjelp som i barnehagen.

- Bygg forventning og hjelp barnet til å gleda seg til skulestart. Snakk om alt det fine dei skal læra og kor mange de kjem til å bli kjent med. Involver barnet i å pakka sekken og finna fram kleda.

Etter skulestart

Skaff eit foreldrenettverk. Det er fint for barna å vita at foreldrene kjenner kvarandre og det kan vera godt å ha andre foreldre å drøfta med.

Engasjer deg! Som klassekontakt eller FAU-medlem blir du bedre kjent med skulen og dei andre foreldra og du bidreg til ein bedre skulekvardag for barnet ditt.

Hjelp barnet ditt å få venner. Inviter barn i klassen med heim etter skulen eller arranger vennegrupper.

Tenk på korleis du som føresett kan leggja til rette for bursdagsselskap og andre sosiale samankomstar, slik at alle barna på avdelinga eller i klassen blir inkludert.

Snakk positivt om skulen og om faga. Det påvirker barnet si haldning til skulen og til læring.

Ver førebudd på at du kjem til å ha mindre kontakt med dei tilsette på skulen enn du hadde i barnehagen.

Skulestart- starten på ei livslang læringsreise

- * Motiverte barn – godt utgangspunkt.
 - * Ulik utvikling, men støtt barna i deira nysgjerrigheit.
 - * Leseopplæring på 1. trinn – rask bokstavinnlæring .
 - * Viktig med eit positivt samarbeid. Framsnakk skulen!
 - * Ta tidleg kontakt om det er noko me bør kjenna til for å gjera skulestarten best mogleg.
 - * Abonner på skulen si heimeside. Info frå leiinga, trinn og SFO. Hugs å forny abonnement i august
- <http://www.minskole.no/hognestad>

Kva skal skulen forventa av dei føresette

Føresette:

- * Har ansvar for at elevane møter presis på skulen – vakne og opplagde.
- * Les informasjon frå skulen og gjev informasjon når noko skjer som kan påverka skuledagen til eleven.
- * Gjev beskjed når eleven er fråverande eller for sein (Visma MinSkole).
- * Følgjer opp skulearbeidet.
- * Ser til at eleven har med seg naudsynt utstyr og sunn skulemat.
- * Tek kontakt med læraren eller leiinga om de har spørsmål, eller ønsker å gje konstruktive tilbakemeldingar.
- * Snakkar positivt om skulen – har god dialog med skule og lærar – er på lag!
 - * **ER MED Å GJERA SKULEN GOD!**

Kva skal dei føresette forventanta av skulen?

Skulen:

- * Er godt førebudd i møte med eleven og legg til rette for god læring.
- * Legg vekt på eleven sin trivsel og arbeider aktivt for å førebygga mobbing.
- * Gjennomfører foreldremøter, utviklingssamtaler og samarbeidsmøter og elles har kontakt med heimen etter behov.
- * Gjev informasjon om det som skjer på skulen gjennom vekeplaner, heimesida, Visma o.l.
- * Er opne for innspel og meiningar frå føresette om skulen vår.

*** ER MED Å GJERA DEI FØRESETTE GODE!**

Val av målform

- * Alle skulane i Time kommune bruker nynorsk som målform.
- * Val av bokmål krev minst 10 elevar for at det skal opprettast eiga gruppe.
- * Frist for å søka var 4.1.26
- * Det blir ikkje bokmålsklasse på Hognestad skule.

SFO

- * Søknad via Visma Flyt skule.
- * Frist 1. mars.
- * To måneders oppseiing. Gjeld frå den 1. kvar måned.

SFO

Opningstider

- * Opningstider 07.15-16.00
- * Morgon-SFO 07.15.-08.25
Frukost vert servert til 07.45
- * Ettermiddag-SFO
Måndag 14.05-16.00
Tysdag-fredag 12.55-16.00

SFO

TILBOD OG PRIS FRÅ 1. januar 2026:

- * 2 dagar Gratis for 1.-3. klasse. Matpengar 105 kr.
 - * 3 dagar Gratis for 1.-3. klasse. Matpengar 145 kr.
 - * 4 dagar 690 kr for 1.-3. klasse + matpengar 200 kr.
 - * 5 dagar 1390 kr for 1.-3. klasse + matpengar 240 kr.
-
- * Kjøp av ekstra dag kr 305

«Det tek ein heil landsby for å oppdra eit barn!»

- * Det finnest ikkje vanskelege barn, men barn som har det vanskeleg.
- * Alle treng å høyra til, vera inkludert. Aksepter at me er ulike.
- * Rause vaksne skapar rause barn.
- * Vaksne skapar venskap.
- * Snakk med barnet ditt om både gode og vanskelege kjensle.
- * Hugs at det ikkje er tillate med mobil og smartklokke på skulen.
- * Involver barnet i å pakka sekken og finna fram kleda.
- * Bygg forventning og hjelp barnet med å gleda seg til skulestart. Snakk om alt det fine dei skal læra og kor mange dei kjem til å bli kjent med.

HUGS:

- * Mogleg å søka om redusert foreldrebetaling.
- * Lever innmeldingskjema
- * Spørsmål?